

Børnes er fullt. Interesse frå fleire.

24.06.2017



Svært interessann utvikling i Børnes industriområde.

**Kvinnheringen.no har i dag eit større oppslag om den store interessa som har vore for kjøp av tomtar i Børnes industriområde. Etter at det lenge hadde vore heilt stille, eksploderte interessa for industriområdet, og no er det ikkje ledig areal att. Det er også 4 interessentar som har søkt om tom, men som har fått avslag av denne grunn.**



Det føregår no eit stort planeringsarbeid.

Til saman er det no tildelt 22 tomter i Børnes industriområde. Desse er fordelt på 15 eigalar. I tillegg til dei 4 nye bedriftene har også ei av desse søkt om å få utvida arealet.

Sidan det er behov for meir areal, vert det no arbeidd med å få utvida arealet til Børnes industriområde. Det er

mogeleg, men ingen ting er avklart enno.

- I løpet av neste veke kan vi kanskje ha ei løysing på plass, seier Jarle Fossheim ved eigedomskontoret i Kvinnherad kommune til kvinnheringen.no.

For tida ser vi at det føregår eit stort planeringsarbeid oppe ved hovudvegen. Det er Dimmelsvik Entreprenør som er i fullt arbeid på dei tre tomtene til Søllesvik Holding AS. Saman med Tveiten Maskin AS og Jarle Apeland var dei dei siste som sikra seg areal i Børnes industriområde.

- Vi posisjonerer oss for framtidig verksemd og nye arbeidsplassar i Kvinnherad, seier dagleg leiar i Søllesvik Holding, Frank Søllesvik til kvinnheringen.no som har meir om den interessante utviklinga i industriområdet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland